



## Rutineskildring

# Andaktar på Sogndal helse- og omsorgssenter (SHOS)

### Føremål

Bebuarar på sjukeheimen i Sogndal skal få høyre Guds ord, syngja og be saman.

### Arbeidsoppgåver

Som andaktshaldar har du desse oppgåvene:

- a) Førebu andakten og finna songar.
- b) Leie samlinga
- c) Dele ut songbok eller salmebok. Bebuar Unni H. hjelper gjerne til.
- d) Bruk høgtalaranlegget med teleslynge. Lyd og funksjon på anlegget er ferdig innstilt, men headsett må slåast på.
- e) Samarbeide med organist
- f) Lat att glasdørene ut mot hovudinngangen.
- g) Lesepult står i hjørnet ved pianoet

### Rammene for andakten:

- Totalt 30 minutt til disposisjon.
- Preludium ved organist, ønsk velkommen, syng 1-2 salmar, kort bøn, andakt 7-8 min., 1-2 salmar, Fader vår, velsigninga, postludium ved organist.
- Avrunding: ynskje god middag, sei noko omvêret, ein vits, kommentar, nyhende i bygda, noko lett!
- Fint at den som held andakten finn si form og er seg sjølv! Bruk eigne eigenskapar. Bruk instrument, dikt, song og anna som passar inn.
- Nyte kjende, kjære salmar som ein trur dei eldre kan.

### Gruppeleiari

Gruppeleiaren din:

Torunn E. Skilbrei ,57 67 99 85, torunn.skilbrei@sogndal.kyrkja.no

Gitte Th. Torstad, 974 16 519, gitte.torstad@sogndal.kyrkja.no

Gruppeleiaren sine oppgåver er mellom anna å vere med og rekruttere nye medarbeidrarar, ta imot dei, lære dei opp og følgje dei opp.

Dersom du har spørsmål eller tilbakemeldingar som gjeld tenesta som andaktshaldar, kan du ta kontakt med gruppeleiaren.

## **Informasjon om faste samlingar**

Den som er gruppeleiar for andaktane, kan om naudsynt 1-2 gonger i året samle alle til eit møte – der de t.d. kan utveksle erfaringar og kome med framlegg til endringar. Du vil òg verte invitert til medarbeidarsamling – til vanleg i september. Her vil du kunne møte frivillige frå alle seks sokna.

## **Rutine ved byte av teneste eller forfall**

Dersom du har forfall, er det fint om du kan gjere avtale om byte av dag direkte med ein av dei andre andaktshaldarane. Du må deretter gje melding om bytet via telefon eller SMS til gruppeleiaren din og kyrkjekontoret, tlf. 400 19 587, som vil gje melding vidare til organisten.

Om bytet skjer etter kl. 1500 på fredag, må du gje melding direkte til [den som må vite]. Dersom du ikkje finn ein vikar, må du så raskt som mogleg gje melding til gruppeleiaren.

## **Kyrkjekontoret**

- Sender ut liste/oversyn over andaktane 3 gonger i året til alle det gjeld.
- Sender ut liste til sjukeheimen og avdelingane der.
- Kan bidra med rekruttering.
- Legg namn, tlf. og e-post til nye medarbeidarar inn i datasystemet.

## **Revisjon**

Alle rutineskildringane skal kontrollerast ein gong for året (august) eller oftare om det vert gjort endringar. Det er soknerådet som har ansvar for dette – etter eventuelle innspel frå gruppeleiar – sjå årshjulet.